

HANDBALL FESTIVALEN

STORD 18.-21 MAI 2018

VELKOMMEN TIL

ÅRETS STORE

HANDBALLFEST



LAURDAG 19. MAI

MØT OPP OG SJÅ FESTIVALTOGET

Det startar frå Leirvik skule
kl. 11.30 og endar opp med
flott opning av den
29. handballfestivalen
på Torget kl.12.00.

LUDVIK OG OTHILIE

FRAMFØRER

HANDBALLEIDEN



FRODE KYVÅG

OPNAR FESTIVALEN



hummel

hummel

Velkommen til den 29. Handballfestivalen!

Endeleg er tida komen, pinsen er her att. Og det store høgdepunktet er her for mange av oss. Me som steller i stand denne store turneringa har jobba intenst siste tida for at alle brikker skal vera på plass så no er me veldig klar for HANDBALLFESTIVAL!

Dette er 29. gong me i Stord Handball lagar til denne store turneringa på våren. Det er ein stor dugnadsinnsats våre medlemmer legg ned. Men me er ikkje åleine – me har godt samarbeid med det andre lagslivet på Stord. Til saman vil me utføra om lag 12000 dugnadstimar denne helga for at alt skal vera bra for spelarar, gjester og andre besøkjande! Hovudtrykket vert på Vikahaugane område, men me veit jo at opninga og toget som går til Leirvik sentrum på laurdag klokka 11.30 er med å skapa enormt liv i byen vår denne dagen – utan tvil den største folkefesten i år! Vidare vil me oppfordra alle til å ta del i det yrande folkelivet som føregår på Vikahaugane heile helga!

I år vil området vårt framstå som veldig nytt og fint i forhold til i fjor då det var ein byggeplass her. Me har fått ein ny flott Stord ungdomsskule. For oss er det viktig at me får låna alle skulebygga og me legg vår skjel ned for at desse skal vera like fine når me er ferdig med overnattinga. Det er viktig at alle som bur på skulane er flinke å rydde og passe på skulane – det er viktig! Me reknar med at til neste år vil alt uteområde vera heilt ferdig og «gamle hallen» vil verta renoverert. Me gler oss veldig til stor aktivitet på banane samt alt det kjekke utanomsportslege som også er viktig for mange. Det er veldig kjekt å sjå gode venskap som vert etablert denne kjekke helga.



Tryggleik er viktig for oss og det ynskjer me at alle besøkjande også skal føla. Me har dyktige folk som er med å organiserer dette og me føler oss trygge på at alle deltakarane «er i trygge hender» hjå oss. Me opplever veldig godt samarbeid med politi, brannvesen og kommune for alt skal bli best mogeleg for alle partar – det set me veldig stor pris på!

Då er me klar! Over 1200 kampar skal avviklast, 24000 måltid skal serverast, over 3000 innkvarterte – det er handballfestival folkens!

Hjarteleg helsing
Handballfestivalen 2018
Kjartan B. Grov
Prosjektleiar

Velkommen til ein ny **handballfest på Stord!**



Det er igjen klart for eitt av vårens vakraste eventyr her på Stord – Handballfestivalen. Igjen kjem tusenvis av handballglade born og vaksne her til oss i pinsehelga. Igjen skal me alle få oppleva folkefest, idrettsglede og fellesskap.

Som mange kjenner til, har eg mange år bak meg som deltakar på Handballfestivalen, som spelar, trenar og frivillig. Minna er mange og gode: vårsol og yrande folkeliv, parade og opningsseremoni, oppturar og nedturar på banen, grillfest og disko, is og jenter – ja, i det heile mykje av det beste livet har å by på. Slik vert det nok også for de som skal delta på årets festival: Den vil ikkje berre gje glede og mening her og no; den vil også gje minne de vil bera med dykk resten av livet.

Etter suksess igjen og igjen i snart 30 år framstår Handballfestivalen som eit velsmurt maskineri. Og på mange måtar er den det og.

Her er ingenting er overlate til tilfældighetene; oppgave- og rollefordelinga er klar, og dei mange frivillige veit kva dei skal gjera, og gjer det. Men det betyr ikkje at det ikkje inneber arbeid. Tvert imot. Planlegginga, gjennomføringa og etterarbeidet til eit arrangement som dette krev hundrevis av dugnadstimar. At så mange er villige til å bruka av fritida si til å skapa mening, oppleving og glede for andre, tenkjer eg må vera noko av det beste ved lokalsamfunnet vårt. Som ordførar er eg djupt takknemleg for dette.

Eg vil ynskja dykk alle – spelarar, foreldre og frivillige – lukke til med årets arrangement! Eg gler meg til nye tre dagar med handballfest på Stord – og endeleg skal eg få stå på scenen under opningsseremonien!

Beste helsing
Gaute Straume Epland,
Ordførar i Stord



Handballfestivalavisa er laga i samarbeid mellom Mediehuset Sunnhordland og Stord Handball

Ansvarleg
Stord Handball:
RUNAR ØVREBØ

Ansvarleg
Mediehuset Sunnhordland:
MAGNE KYDLAND

Grafisk
produksjon
og trykk:

Sunnhordland
MEDIETILBYR



**GÅR FOR GULL
BÅDE PÅ OG
UTANFOR BANEN**

Øverst frå venstre: Marie Tofte, Maria Waage, Mariel Engen, Hanne Isdal, Ingrid Lim, Marte Petterteig, Astrid Mosaker, Andrea Kannelønning, Frida Tverborgvik. Midten frå venstre: Sofie Skjønberg, Karoline Eldøy-Ottesen, Thea Røstbø, Mathea Alfredsen, Leah Ovidia Langeland, Aira Flesjå, Marte Ekse, Ella Moe. Nedst frå venstre: Ana Moriaru, Leah Vrålid, Liva Salomonsen, Maia Hagenes, Miriam Kobbeltvedt, Saga Tønning, Pia Skjønberg.

STORD J12 KLARE TIL DYST

Stord J12 avsluttar årets handballsesong i pinsehelga. På Handballfestivalen går dei for gull både på og utanfor banen.

Handballsesongen er snart over for jentene som til dagleg spelar på Stord J12, men ein skikkeleg innsats i Handballfestivalen står att før jentene kan ta ein velfortent pause.

På tysdagstreninga i Nordbygdohallen er lagleiar Ellen Salomonsen i full gang med å instruera og fortelja korleis ho ønskjer at jentene skal opptre på banen.

– Jentene har løfta seg enormt dei siste åra. Å sjå utvikling, er noko av det kjekaste for ein som trenar eit ungdomslag. Og utvikling, det ser me i denne gjengen, fortel ho.

To lag

På Stord J12 er det heile 24 spelarar.

– Både i serien og på Handballfestivalen har me meldt på to lag. Då får kvar og ein mest mogeleg speletid, noko som er viktig, fortel Salomonsen.

Sportsleg og resultatmessig har det ikkje gått på skjener for jentene i år.

I krinsserien har det gått så som så. Begge laga enda på nedre halvdel. Året har vore prega av mykje stong ut for oss og stong inn for motstandarane. Det er nok lag som er betre enn oss, uansett, men tabellen lyg litt for vår del, konkluderer Salomonsen.

Seriespelet for jentene varer frå august til mars. Laget er og med på nokre cupar i løpet av året.

– For nokre helgar sidan var me i Kongeparken Cup. Der kom me til kvartfinalen i A-sluttspillet. Om me gjer det like bra i Handballfestivalen, er me stornøgde.

Felles møteplass

Stord J12 består av jenter frå 2005- og 2006-kullet frå Rommetveit og Hystad skule. Trenaren skryt over det

sportslege, mens også av samholdet i laget.

– Her er det jenter som går på forskjellige skular og mange har ikkje noko å gjera med kvarandre til dagleg, men det merkar me ikkje mykje til. Verken på trening, i kampar eller turneringar.

– Når denne gjengen samlast vert alle inkludert. Ei fantastisk homogen gruppe, smiler Salomonsen.

Ser fram til toget

Om du fekk med deg oppmarsjen i fjor, såg du kanskje eit lag utkledd som hula-hulajenter. Kanskje fekk du også ein blomestrans rundt halsen. Handballvisa kan avsløra at det var jenter frå årets Stord J12 som var i kostyma.

– Ja, det innslaget vart ein kjempesuksess. Under heile fjorårets handballfestival kunne ein sjå privatpersonar, politi og dugnadsfolk som gjekk med blomestrans. Veldig kjekt for jentene, seier Salomonsen.

– Ein merkar jo at toget er noko av det dei gler seg mest til, seier trenaren.

– Me har hatt ein runde på kva me skal kle oss ut som i år, men vil ikkje røpa meir om kostyma enn at om du står langs traseen laurdag føremiddag, kan det henda du får med deg noko du kan bruka på handballkampar for å støtta laget ditt.

Mykje å sjå fram til

Liva Salomonsen (05) og Maia Hagenes (06) spelar begge på Stord J12. Begge gler seg enormt til pinsehelga.

– Alt med handballfestivalen er kjekt, seier dei i kor.

– Sjølve handballen er viktig, men me kosar oss med alle aktivitetane, held Maia fram.

– Toget, til dømes, synst eg er kjempekjekt. Då får me treffa alle laga og sjå kven som har kledd seg ut og sånn.

Jentene er usikre på kor mange gonger dei har delteke på festivalen, men meiner dette må vera fjerde eller femte gongen dei stiller på parketten.

Å stå øvst på Handballfestival-pallen, har dei framleis til gode å gjera. Men det tenkjer dei å retta på i år.

Disko og bobleleik

– Kan de vinna årets festival?

– Klart me kan. Me har mange gode spelarar, så me har i alle fall ein god sjanse. I første omgang får me gjera så godt me kan, så får me sjå kor det endar. Blir me slått ut, er det uansett kjekt å sjå på andre lag som spelar, i tillegg til å delta på alle aktivitetane på arrangementet.

– Boblene på Andadammen gler eg meg til, seier Liva.

– Og å køyra Amfitoget og gå på diskotek, legg Maia til.

– Ja, apropos diskotek: Håper de på å treffa nokon kjekke gitar, då?

Jentene dreg på smilebandet.

– Njaaaa. Kanskje.

Stord J12 og alle dei andre laga har uansett mykje å sjå fram til i pinsehelga. Handballvisa ønskjer lukke til både på parketten og på diskoteket.

DRAUMEN SOM GÅR I OPPFYLING

Ventetida er over for Gaute Epland. Sidan han debuterte som 10-åring under Handballfestivalen har han hatt ein draum om å stå på scenen under opningsseremonien på Leirvik torg.



Gaute S. Epland fekk 138 a-kampar for Stord, før han la handballen på hylla i 2013. ARKIVFOTO: MARIUS KNUITSEN

No skal han gå i fotspora til svigerfaren Magne Rommetveit, Liv Kari Eskeland, Harry Herstad og Jakob Bjelland.

Etter 26 år går draumen i oppfyling. Med ordførarkjeda om halsen entrar han scenen klar til å møte 3000 festkledde handballspelarar.

– Eg fekk ikkje lesa eden då eg var ti år. Men endeleg er det min tur. Eg gler meg. Dette blir fest. Mi viktigaste oppgåve blir å ynskje dei velkommen til Stord. Så får vi sjå kva som skjer på direkten.

Men Gaute lovar rekordforsøk frå Leirvik torg.

– Ja, eg tar utfordringa med å kasta ein handball over torgget mot Narvesen. Han var jo kjent som ein hardtskytande

bakspelar då han spelte for Stord i eliteserien.

Gode minner

Ordføraren hugsar godt dei første åra med Handballfestival.

– Me spelte mange tøffe og tette kampar mot lag frå Haugesund og Bergen. Underlaget var asphalt og banane låg ned på gamle HSD-området, hugsar Gaute.

– Det suraste tapet fekk me mot Os på grus i ein semifinale tidleg 2. pinsedag. Det var øs pøs og enda i eit bittert tap. Men vi lukkast og å vinna då vi nedkjempa rivalen Avaldsnes i ein spennande G16 finale i Nyehallen.

– Bortsett frå kampane var det mykje kjekt å få med seg under festivalen. Grillfest og

disco, og så var det alltid så fine haugesundsjenter vi kikka på.

Unntakstilstand

Med heile familien Epland i sving under festivalen var det lite som var på styr i heimen oppe på Hystad.

– Vi kan vel kalle det for unntakstilstand. Pinsen handla om kampar og dugnad. Så all mat fekk vi servert på Vikahaugane. Heime var vi lite og det var heilt greitt, smiler Gaute Epland, som har Handballfestivalen i blodet.

Slitesterkt konsept

Korleis ser framtida ut for Handballfestivalen?

– Den lever godt. Med over 400 lag må ein sei nei til fleire

påmeldingar. Handballgruppa har eit slitesterkt konsept og er godt rusta for framtida. Organisasjonen har mykje gode folk som veit kva som skal til for å ta festivalen inn i framtida, meiner ordføraren, som er glad for kva den betyr for sommarøya Stord.

– Dette er ikkje berre ein folkefest for heile kommunen, men for regionen. Over alt forbinder dei HF med noko positivt. Kort sagt så set HF Stord på kartet og gir inntekter både til idrett og næringsliv på øya.

På flyttefot

Gaute og familien Epland var i mange år langt vekk frå handball og Stord.

På grunn av jobb på Aker Verdal blei Gaute født i Levanger.

Som tre-åring kom han til Stord i 1984. Nokre år seinare sette handballfamilien kursen til spennande år i Canada. Her blei det møte med mange nye og ukjente idrettar og ikkje minst skulegang «over there».

– Ein periode hadde eg Trond Haga som norsk-lærer. Men det meste gjekk på engelsk med kanadisk sleng.

I Canada blei det lite handball men mykje basket og volleyball. Broren Bjarte blei hekta på ishockey.

Etter mange år på flyttefot kom Gaute heim til Roleghaugen og opptur med Stordherane.



Gaute S. Epland var bakspelar og hadde eit tungt skot. Han har totalt skåra 270 eliteseriemål for Stord. Her i ein kamp mot Elverum i 2009.

ARKIVFOTO: PER EGIL LARSEN



Gaute Epland (framme), Thomas Johansen (bak) og Sigurd Sævareid pustar ut etter ei knallhard økt på treningsleiar på Tysnes i 2005.

ARKIVFOTO: RUNE KJEMPENES

GAUTE EPLAND

Født: 9. august 1981, Levanger

Yrke: Ordførar

138 A kampar og 270 mål for herrelaget til Stord

Forlova med: Kari Hilde

Born: Tale(4 år) og Live(2 år)

Favorittmusikk: Bob Dylan

Mi siste leste bok: Biografi av Winston Churchill

Ferieparadis: Kattaneset(Tysnes) og Kjekaviko(Halsnøy)

Det irriterer meg: Urett og kritikk på feil grunnlag

Tre ord om Handballfestivalen: Folkefest, idretts glede og dugnad



Stord-ordførar Gaute S. Epland har vore handballspelar, og har vore med mange gonger på Handballfestivalen. Heile familien har alltid vore engasjert i handballen. Difor er det ekstra stas at han no, som ordførar, får vera med på å opna den 29. Handballfestivalen. FOTO: RUNAR ØVREBØ

Historie blei skreive då Stord feira opprykk til eliteserien 1. mai 1999 i Fet hallen.

– Uheldigvis blei eg skada like før. Med det fekk Andreas Moe Larsen sin einaste sjanse. Det var surt å gå glipp av den kampen. Men eg fekk med meg det meste då Stord debuterte i eliteserien hausten 1999.

– Eg hadde både Thomas Franzen, Patrick Liljestrand og Jesper Svensson som trenarar. Fekk då oppleve det meste.

Nedtur og skademareritt

Men handballkarrieren til Gaute Epland har ikkje berre vore ei solskinshistorie.

– Ein stress faktura i ein legg (over trening) heldt meg vekke frå handballen i fire år.

Lenge såg det ut som det var slutten på handballoventyret. Men gjennom studenthandball i Tromsø og Göteborg klarte eg å byggje meg opp at. Følte at eg hadde meir å gje, og heldigvis kom eg på banen att, og fekk nokre gode år før siste kamp blei spela i 2013.

Dessverre blei det aldri noko Epland-trio i Stord-drakta samtidig.

– Eg og Bjarte spelte mange kampar i lag. Men Jostein kom først med då eg hadde lagt opp. Me hadde lenge håpa på dei tre brødrane Epland . Men slik skulle det ikkje gå.

Dårleg tapar

I familien Epland med barna Gaute, Bjarte, Karoline og Jostein har det alltid vore høgt

konkurransinstinkt. Tap kunne ofte føre til ville og heftige diskusjonar om kven som vann eller tapte.

– Eg må vel innrømme at eg er den dårlegaste taparen, og verst var det å tape mot Bjarte.

Korleis blir du då?

– Nei det får du ikkje ut av meg. Ingen kommentar, kjem det bestemt for ordføraren.

Sette seg mål og lagarbeid

Kva har du lært av idretten som du har teke med deg inn i jobben som ordførar i Stord kommune?

I idretten har me lært å sette oss klare mål og jobbe knallhardt mot dei. Men kvardagen er brutal , og det tar tid å nå måla. Slik kan det og vere i politikken. I handball hand-

lar det mykje om lagarbeid der ein må omgåst kvarandre i eit kollektiv for å dra lasset i lag. Det same gjeld for kommunestyret enten du er i posisjon eller opposisjon. Me må ta alle på alvor sjølv om me står langt frå kvarandre. Då handlar det om å få eit breiast mogeleg beslutningsgrunnlag.

Travle dagar og vigsling

Som ordførar blir det travle dagar med varierte arbeidsoppgåver. Ny lov har gitt ordføraren mynde til å vigse folk.

– He he, det stemmer det. Men av og til må både varaordførar og rådmann trø til. Slik som då Gaute og Jakob Bjelland var oppteken med Sunnhordland Maraton for nokre veker sidan.

– Men du er ikkje gift sjølv?

– Nei, bryllaupet blei sett på vent då eg blei ordførar.

Men du kan vel ikkje vigse deg sjølv? Kan det bli varaordføraren eller rådmannen som får jobben?

– He-he det spørst om Jakob og Magnus har nok aura. Så det blir vel kyrkja, kjem det spøkefullt frå ordføraren.

Kva med å gifta seg på direkten på opningsseremonien på Handballfestivalen i 2019?

– Det hadde vært stas, men den saken får eg ta med kona, seier Gaute Epland. Uansett blir han å sjå på handballscenen i lag med 3000 karnevals-kledde handballspelarar.

TEKST: RUNAR ØVREBØ

KURSA OG KLAR FOR

Stord og Franny Bøthner har klare mål for framtida for dommarane på Stord. No satsar klubben på kurs, motivasjon og tett oppfølging. Difor passar dommarkurset perfekt som opplading til Handballfestivalen

– Me har mange unge og gode dommarar. No jobbar me hardt for å få fram «dommar 1» kandidatar som kan dømme divisjonshandball, seier Franny Bøthner, som er dommarkontakt i Stord.

– I dag har me mellom 25–30 av dei unge som dømmer alt frå mini til J/G12 kampar. Men det er berre Bjørn Lindgård og Thor Gunnar Bakke som dømmer seniorhandball, fortel ho.

Stolar på seg sjølv

Så her har Stord Handball ein jobb å gjera. Men i denne gruppa som er inne på kurs er det flotte typar som kan nå langt.

– Desse jentene vil uansett få det svært travelt i pinsen. 780 kampar treng dommar i klassane frå 6–11 år. Så arbeidsledige blir dei ikkje. Det blir og nyttig praksis for dei før ny sesong startar opp, seier



Kaja S. Skjønberg er klar for større oppgaver.

Bøthner. Etter ein sesong med dømning er 16-åringen Kaja S. Skjønberg klar for større oppgaver.

– Eg har fått mange og gode tilbakemeldingar. Det gir meg motivasjon til å satse på dømning, seier Kaja S. Skjønberg. No er ho kjempeklar for Handballfestivalen.

«Mutte» trenarar

Debuten sin med dømning fekk Kaja gjennom miniturnering.

– Dei hadde aldri spela kamp og kunne lite reglar. Så her var

det berre å blåse for mål, smiler 16-åringen.

Stort sett har det gått greitt etter dette, men litt mutte trenarar av og til.

Skal du bli ein bra dommar må du bruke fløyta og vera tydleg og stå på for egne meiningar. Då vil det meste ordne seg, seier Kaja S. Skjønberg som garantert vil få mange kjekke kampar å dømme i pinsen og når ny sesong startar opp.

TEKST OG FOTO:
RUNAR ØVREBØ

– EG HAR FÅTT MANGE
OG GODE TILBAKEMELDINGAR.
DET GIR MEG MOTIVASJON
TIL Å SATSA PÅ DØMMING,
SEIER KAJA S. SKJØNBERG



Franny Bøthner viser stolt fram framtida når det gjeld dømning i Stord. Frå

ELITESERIEN NESTE...

Camilla Olsen og Veronica Essaje siktar høgt med dømninga si. Etter å ha gått vegen gjennom aldersbestemte klassar har dommarparet denne sesongen dømt 2. divisjon kvinner. No venter opprykk og dømning i 1. divisjon på dei blide bergensdommarane.

No er dei på Stord for å motivere og dele erfaringar med unge og lovande jentedommarar før det brakar laus med dømning under Handballfestivalen.

– Me er her for å motivere og fortelje dei at dømning kan gje dei personleg utvikling, som dei kan dra nytte ut av seinare i livet. Men det er viktig at klubbane tar godt vare på og følgjer dei opp, seier Ca-

milla og Veronica.

Kva er viktig for å bli ein god dommar?

– Me må vise at vi har lyst og at vi trivest med jobben. Dommaren må og møte opp i god tid og være godt førebudd. Dialog og tillit både til spelarar og trenarar er og viktige deler av dømninga.

Gjennom dømninga møter me mange ulike menneskjer.

Mange liker å prate under kampen, andre er tverre og mutte.

Da kan det være vanskeleg å vite kor ein skal leggje lista. Men eit smil og ein god kommentar løyser ofte opp stemninga, seier Camilla Olsen og Veronica Essaje.

Dommarparet ser lyst på framtida og vegen gjennom 1. divisjon kan gå fort. I horisonten venter eliteserien med Larvik, Vipers, Byåsen og Storhamar som spennande arbeidsoppgaver. Uansett, det er ingen tvil at her har me dommarar med både med stil og smil.

TEKST OG FOTO:
RUNAR ØVREBØ



Etter god dømning denne vinteren er Camilla Olsen (t.v.) og Veronica Essaje klar for dømning i 1. divisjon. Difor henta Franny Bøthner det lovande dommarparet til Stord for å kurse nye dommar før handballfestivalen

HANDBALLFESTIVALEN



venstre: Andrea Holm, Thea Traa Ludvigsen, Martine Lekve, Franny Bøthner (dommaransvarleg i Stord), Anna Økland og Kaja S. Skjønberg.

SPENTE DEBUTANTAR

Fire av jentene er på sitt første dommarkurs.

– Me er spente og litt utanfor komfortsonet, seier Hanna Hollund, som «grugler» seg til Handballfestivalen med dømming.

– Me har berre dømt minihandball så langt denne sesongen.

Men det går fint. Det er vi som er sjefane og då må dei høyre på oss.

Kva er oppskrifta for å bli ein god dommar?

Her var kvartan Julie Engeland, Anna Koløy, Hannah Hollund og Ida Vik Framnes sine tips:

1. Ikkje tvil. Vær bestemt
2. Kunne forklare godt til spelarar som ikkje forstår reglane.
3. Ikkje bry deg om dei på tribunen. Det er du som dømmer.



Spente debutantar på dommarkurs: Frå venstre: Julie Egeland, Anna Koløy, Hannah Hollund og Ida Vik Framnes med god støtte av dommarinstruktørane Camilla Olsen og Veronica Essaje i ryggen.

*Gåva til den
som har alt!*

Følg oss på
Facebook og
Instagram



AMFI
STORD

10-20 (18)
AMFI.NO/STORD

AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.

BESØK VÅRT SALGSTELT FOR GODE TILBUD



**ME HAR FYLT OPP
TELLET MED MANGE
GODBITAR!**

sport 1
ekte sport.

Medan tusenvis av handballspelarar kjempar om mål og poeng på banane på Vikahaugane i pinsehelga, sørgjer kjøkensjef Ole Kristian Angeltveit og staben hans for at slitne armar og bein får påfyll av energi mellom slaga.

Handballfestivalen har blitt arrangert på Stord 29. gonger.

– Samtlege år er det me som har levert mat til deltakarane, seier kokk og dagleg leiar for Vest Catering AS, Ole Kristian Angeltveit.

Den 33 år gamle familiefaren overtok som dagleg leiar for firmaet i 2016, etter far sin, Ole Angeltveit. Ole Kristian fortel at det går med store mengder mat på eit slikt arrangement.

– Alt i alt lagar me til om lag fem tonn mat. Rundt rekna vert det 9 600 porsjonar i løpet av dei tre dagane Handballfestivalen varer.

Styret bestemmer

I år skal det serverast eitt middagsmåltid kvar dag.

– Og kva står på menyen?
– Taco, kjøtkaker og lapskaus.

– Kven er det som bestemmer menyen?

– Styret i festivalkomiteen. Men me frå kjøkenet kjem naturlegvis med råd og tilrådingar når eit så stort kvantum skal lagast til. Me gjer oss jo erfaringar, me og, så menyen me serverer i år har vore ein gjengangar dei siste åra av handballfestivalen.

– Er det mat ein absolutt ikkje kan laga til eit slikt stort arrangement?

– Alt kan lagast, men det er jo rettar som er meir tidkrevjande enn andre. For nokre år sidan hadde me til dømes lasagne på menyen. Då blei det vanskeleg å fortløpande ha mat på bordet, så det har me valt å gå vekk ifrå.

– Kylling og ris har jo og vore ein favoritt, men det står altså ikkje på menyen i år?

– Frukost og kiosksal har me og vore ansvarlege for tidlegare, men dei seinare åra har det berre vore trong for middagservering, fortel Angeltveit.

Tradisjon

– For meg er Handballfestivalen tradisjon. Tidlegare var det far min som hadde hovudansvaret. Då jobba eg berre som kokk, utan noko ansvar for logistikken.

– Eg vil vel tru eg har vore



Ole Kristian Angeltveit i sitt rette element – på kjøkenet.

KJØKENSJEFEN KLAR FOR STORINNRYKK

på kjøkenet dei siste 15 festivalane. Pinsehelga er eg på jobb heile tida, men det synst eg er fantastisk kjekt.

I pinsehelga startar jobben på kjøkenet tidleg.

– Eg må vera på jobb seinast kl. 0900, men er vel som regel på plass før det.

Vest Catering AS har tre fast tilsette, men for å få det til å gå rundt under Handballfestivalen, treng dei ekstrahjelp.

– Det er så store mengder mat som skal lagast, at me er avhengige av ekstra hender under eit sånt arrangement, seier Angeltveit og skryt av arrangøren for hjelpa dei får.

– At dei stiller folk til disposisjon for oss, er gull verdt. Me har gjort dette i mange år no, og både me og arrangøren veit kor krevjande det er å få logistikken kring matservinga til å stemma.

Angeltveit set naturlegvis pris på at det er Vest Catering AS som får ansvar for servinga år etter år.

– Det ser eg på som ei tillitserklæring. Eg legg alt eg kan i arbeidet for at dei framleis skal velja oss, sluttar Ole Kristian Angeltveit.

TEKST OG FOTO
VEGARD AGDESTEIN



Eitt av mange lass mat som er levert kjøkenet før festivalen.

STOLT LEVERANDØR AV
MAT TIL HANDBALLFESTIVALEN

REMA 1000

VABAKKJEN

RING
07000
STORD TAXI

Leirvik: Natrutekaaien 10,
5411 STORD

FEIR MED OSS

2 ÅR MED CIRCLE K!



10,-
+ pant
per stk

CIRCLE K LEIRVIK
Leirvik Autosenter AS

Vabakkjen – STORD
Tlf. 53 41 35 22

CIRCLE K

Take it easy



**SAM
SON**
TA KAJEN

**HEIMALAGA
OSTEBURGER**

179,-
TAKE-
AWAY

For bestilling tlf. 53 40 08 00

SPAR



HAGA

SPAR



G. Sagenes, Ådland

Fritidsaktiviteter



LAURDAG 19. MAI

Sandvolleyballbanen står til disposisjon for deltakarane. Bestilling av bane i sekretariatet kl. 08:00 – 23:00

■ **Tog frå Leirvik skule.** Oppstilling frå kl. 11:00, avgang kl 11:30.
Beste innslag i toget vert premiert.
Ordføraren ynskjer velkommen til Stord, og helsar frå Stord Kommune.

■ **Opning Handballfestivalen på Torget kl 12:00** v/ Frode Kyvåg
Turnerings-eiden vert lest opp av:
Othilie Moen Hakestad og Ludvik Nesbø Haugland.

■ Bading i Kulturhuset (påmelding i Sekretariatet)	kl. 15:00 – 21:00
■ Kanopadling i Vikastemmo (andedammen)	kl. 15:00 – 19:00
■ Funballz ved Grasbanen	kl. 13:00 – 19:30
■ Hoppeslott ved Grasbanen	kl. 13:00 – 19:30
■ Grillfest (skuleplassen ved Stord Ungdomsskule)	
Varme grillar til bruk for deltakarane	kl. 19:00 – 22:00
■ Spinae Company dansar på Wärtsilä-scenen	kl. 20:00 – 21:00
■ DJ spelar musikk frå Wärtsilä-scenen	kl. 21:00 – 22:00

SUNDAG 20. MAI

Sandvolleyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane i sekretariatet kl. 08:00 – 23:00

■ Bading i Kulturhuset (påmelding i Sekretariatet)	kl. 09:00 – 21:00
■ Kanopadling i Vikastemmo (Andedammen)	kl. 12:00 – 15:00
■ Funballz ved Grasbanen	kl. 11:00 – 18:00
■ Hoppeslott ved Grasbanen	kl. 11:00 – 18:00
■ Linn Isabel Eilsen syng på Wärtsilä-scenen	kl. 19:00 – 19:30
■ Barkebåt spelar og syng på Wärtsilä-scenen	kl. 19:30 – 20:00
■ Spinae Company dansar på Wärtsilä-scenen	kl. 20:00 – 21:00
■ Diskotek ved Wärtsilä-scenen	kl. 21:00 – 22:00

MÅNDAG 21. MAI

Sandvolleyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane i sekretariatet kl. 08:00 – 17:00

TURNERINGSREGLAR

Her finn du turneringsreglane som gjeld for Handballfestivalen. Dersom det er nokre av desse du lurar på - eller om du saknar noko - ta kontakt med oss!

ÅRSKLASSAR OG SPELETID

Turneringa er for jenter og gutar frå 7 til 16 år. Klasseinndelinga følgjer nye årsklassar (den klassen dei skal spela i 2016/17).

KLASSE	SPELARAR	SPELETID	BALL (J/G)
Mini (fødd 10/09):	3 + flyvande keeper	2 x 10 min	Str. 00 / Str. 00
Mini (fødd 2008)	3 + flyvande keeper	2 x 10 min	Str. 0 / Str. 0
J/G 10 (fødd 2007):	5 + fast keeper	2 x 10 min	Str. 0 / Str. 0
J/G 11 (fødd 2006):	5 + fast keeper	2 x 10 min	Str. 0 / Str. 0
J/G 12 (fødd 2005):	6 + fast keeper	2 x 10 min	Str. 1 / Str. 1
J/G 13 (fødd 2004):	6 + fast keeper	2 x 10 min	Str. 1 / Str. 1
J/G 14 (fødd 2003):	6 + fast keeper	2 x 10 min	Str. 1 / Str. 2
J/G 15 (fødd 2002):	6 + fast keeper	2 x 15 min	Str. 2 / Str. 2
J/G 16 (fødd 2001):	6 + fast keeper	2 x 15 min	Str. 2 / Str. 3

Kun klister i J/G 15/16

Ved stor påmelding vil me vurderer å begrensa antal lag i kvar klasse til 36. Her gjeld prinsippet «først til mølla» (det kan vera at lag som melder seg på innan fristen ikkje får bli med - dette vil de få svar tidleg på). Ved for få lag i ein klasse, kan den bli slått saman med ein annan klasse.

PULJER / SPELESYSTEM

Laga vert delt inn i puljer. I utgangspunktet vil det vera fem lag i kvar pulje. Dette gjev kvart lag minst fem kampar; fire innleiande kampar + minst ein sluttspelkamp. Alle laga går vidare til sluttspel. Dei beste i pulja går til A-sluttspill, resten går til B-sluttspill. I aktivitetsserien (til og med 11 år) spelar ein tre kampar laurdag og tre kampar søndag.

Me kan diverre ikkje ta omsyn til særlege ynskjer vedrørende kollisjonar av kampar i 7-11-årsklassane. Når det gjeld eldre klassar kan me heller ikkje lova noko på førehand vedrørende oppsett - men me vil gjera vårt beste for at kampane ikkje kolliderer.

Ein spelar kan ikkje spele på to lag i same klasse. Brot på denne regelen vil medføre at det laget som lånar ein spelar tapar kampen.

KAMPARENA

Me spelar kampar i fire hallar og mange

banar utendørs. Dei eldste klassane spelar inne. Alle A- og B-finalar vert avvikla inne. Ute spelar me på kunstgrasbanen og gras (hugs eigna sko, men IKKE fotballsko med knotter).

Det er i utgangspunktet IKKJE sekretariat på kampane. Dommarane har kontroll på tidtaking og målprotokoll.

DISPENSASJON FOR ALDER OG KJØNN

Me følgjer reglane som gjeld for Region Vest når det gjeld alder.

Kjønn: I klassane G12-14 år kan ein ha 2 spelarar på banen på kjønnsdispensasjon (Med fulle rettar i turneringa.)

Dispensasjon på alder: laget blir plassert sist i pulja etter innleiande runde, og spelar første sluttspillkamp, men tapar denne.

ALLE dispensasjonar skal vere godkjente på førehand av festivalen. Send søknad.

JURY

Det vert sett ned ein turneringsjury med arrangørens representant som leiar. I tillegg skal juryen bestå av ein nøytral leiar frå eit gjestande lag, samt ein representant frå dommarane. Eventuelle protestar må følgja NHF's protestreglement, og protesten må stadfestast skriftleg til juryen seinast 30 minutt etter kampslutt. Protestgebyret er på kr 750,- og må betalast saman med protesten.

SPELARREGISTRERING

Av sikkerhetsmessige og sportslege årsakar må alle levera inn lagslister. Spelarar kan registrerast ved påmeldingen. Her kan ein også endra på spelarar heilt fram til festivalstart. Spelarlisten kan også sendast til Stord Handball eller leverast når laget kjem.

TABELL / POENGBEREKNING / SLUTTSPEL

2 poeng til vinnar, 1 poeng ved uavgjort, 0 poeng ved tap. Ved likt antal poeng i puljespel vert rekkefølga satt slik:

- 1) Innbyrdes kamp (om meir enn to lag har like mange poeng vert det "ny" tabell for desse laga).
- 2) Målskilnad innbyrdes kampar
- 3) Flest scora mål i innbyrdes kampar
- 4) Målskilnad alle kampar i pulja
- 5) Flest scora mål alle kampar i pulja
- 6) Loddtrekning

Eit lag må spela alle innleiande kampar for å komma til A-sluttspellet. Lag som spelar med dispensasjon er merka ** i kampfoppsettet, og endar sist i puljespelet. Dei får spela første kamp i B-sluttspellet, men vil uansett tapa denne kampen.

I sluttspellet vert "første målet vinn" nytta ved uavgjort resultat etter ordinær tid. I sluttspellet kan ein nytta inntil fem minuttar med speleforlenginga ved fortsett uavgjort resultat. Dersom stillinga er uavgjort etter speleforlenging, vert

kampen avgjort ved myntkast. Dersom eit lag ikkje møter til kamp, ventar dommaren maksimalt i fem minutt før fram-møtte lag vert tildelt sigeren.

I finalane vert det spela "første mål vinn" inntil kampen er avgjort. Ved uavgjort resultat etter ordinær tid i sluttspellet vert det nytta loddtrekning for å avgjera kva lag som skal starta med ballen når det skal spelast "første målet vinner".

FØRSTE AVKAST

Laget som står først i kampfoppsettet startar med ballen, og startar til venstre for sekretariatet. Det er også dette laget som har ansvar for draktskifte dersom det er behov for dette.

PREMIERING

- Lags premie (pokal) til finalelaga i A-sluttspel og pokal til vinnaren av B-sluttspel (J/G12-16)
- Individuelle premiar til finalelaga i A-pulja (maksimalt 15 premiar pr. lag)
- Høgtideleg premieutdeling i Nyehallen måndag formiddag for alle spelarane i J/G 7-12 år *
- Kåring av Fair Play-klubb på finaldagen.
- All Star-lag vert kåra i klassane J/G13 og J/G14.
- Beste klubb vinn kr 10 000,- (Vert utbetalt på finaldagen)
- Nest beste klubb vinn kr 5 000,- (Vert utbetalt på finaldagen)
- Stord deltek ikkje i Beste Klubb-konkurransen.

* Måndag kl. 11.00 vert alle laga til og med J/G 12 samla utanfor Nyehallen (mot Ungdomsskulen). Det vert då innløping hand-i-hand for alle spelarar, trenarar og oppmenn. I hallen vert det da litt show kring denne medaljeutdelinga, og med stappfulle tribunar med foreldre kan dette virke noko kaotisk, men dette er ein fin tradisjon som alltid skapar god stemning.

HANDBALLFESTIVALEN 2018

BANE Nr. 


1. Nyehallen
2. Gamlehallen
3. Rackethallen
4. Nordbygdohallen
5. Bakeriet Frugård
6. Se & bli sett
7. Rema 1000
8. Grov Grasklypp
9. NorEngros
10. Sport 1
11. Haugaland Kraft
12. Lerøy
13. Sparebanken Vest
14. Kværner
15. Bladet Sunnhordland
16. Hummel
17. Kjeldsberg Kaffi
18. Mesterbakeren
19. Vest Lydservice
20. SKL
21. Tennisbanen
22. Tennisbanen
23. Unisport 1
24. Unisport 2
25. Altibox 1
26. Altibox 2
27. Stord Hotell 1
28. Stord Hotell 2

Bane 4 er
i Prestegardsskogen



KARTTEIKN

	Hage/Lek		Sti
	Hus		Objekt
	Vatn		Handballbane
	Myr		Høgdepkt.
	Ope / Plan		Gjerde
	Ope i skog		Grop
	Mur		Tre
	Vegarsaal		Tre/Busk
	Grus/Svaberg		Overbygg
	Busk/kratt		Trapp
	Kote		Stup/skrent
	Toljekote		Bekk




**PRAKTISK
INFORMASJON**

SEKRETARIAT

Sekretariatet er i Nyehallen, forbi sjøvehallen, i Konferanseavdelinga. Her får du hjelp til det meste. Det er betalingsterminal i sekretariatet, og mogleg å ta ut pengar der! I tillegg er det betalingsterminalar i grillteltet, og i Hovudkiosken i Nyehallen.

Sekretariatet er ope mellom kl. 08:00 og kl. 24:00 (stenger kl. 23:00 på fredagen)

Turneringstelefon:
53 40 09 90

TRANSPORT**UNDER FESTIVALEN**

Dei laga som bur på skular utafor nærområdet til Vikahaugane, kan bestilla transport til og frå overnattingsstaden.

Dette kan gjerast ved å ringa til telefon 975 37 473.

Bestill transport i så god tid som mogleg. Transport er inkludert i kortavgifta. Send SMS om du ikkje får svar med ein gong. Treng de transport FØR kl. 10:00 om morgonen, ring og bestill denne kvelden før.

SERVERING AV MAT I «TURNKASSEN»

Frukost og middag vert som vanleg servert i Turnkassen, vegg i vegg med "Nyehallen". Det vert følgjande opningstider:

Laurdag:


Frukost	06:30 – 10:30
Middag - Taco	13:00 – 17:00

Sundag:

Frukost	06:30 – 10:30
Middag – Kjøttkaker	13:00 – 17:00

Måndag:

Frukost	06:30 – 10:00
Middag - Lapskaus	12:00 – 15:00



INFO Aktivitet etc. #

- A. Sekretariatet
- B. Kantine
- C. Oppstillingsstad paraden
- D. Førstehjelp
- E. Buss til Nordbygdohallen
- F. Grillfest
- G. Kanopadling
- H. Funballz og hoppeslott
- Hs. Hjartestartar
- I. Sandvolleyballbane
- K. Oppstillingstad premieutdeling
- M. Basseng. Stord kulturhus
- P. Parkering
- S. Mattelt
- W. Scene
- Bb Bubil/Campingvogn

OVERSIKTSKART



FØRSTEHJELP/SKADESTOVE
Førstehjelparane er stasjonert i sports-senteret (inn døra og til venstre). Kontakt med lege eller tannlege skjer gjennom dei på skadestova.

VIKTIG OM KAMPOPPSETTET
Siste versjon av kampoppsettet/resultat er tilgjengeleg på heimesida www.handballfestivalen.no.

PREMIEUTDELING
For alle spelarar, til og med 12 år, vert det medaljeseremoni i Nyehallen, måndag kl. 11.00. Lag, med lagleiarar, stiller opp på baksida av Nyehallen seinast kl. 10.45. (Mrk. K i kartet)

TRYGGLEIK
Det vert lagt stor vekt på tryggleiken til deltakarane. Foreldre, og klubbar, som sender born/ ungdom til Stord under Handballfestivalen, skal veta at trygglei-

ken er ivareteken. Handballfestivalen er sjølvsgagt eit rusfritt arrangement. Dersom brannalarmen går – forlat skulen straks. Lagleiar skal samla laget sitt utanfor skulen (på avtala samlingsplass, eller ved flaggstong på skuleplassen). Lagleiar er ansvarleg for oppteljing av sine lag, og melder tilbake til vaktane.

NB!
ALLE LAG MÅ PAKKA OG SJEKKA UT RØMMA SINE INNAN KL. 10.00 PÅ MÅNDAG !

PARKERING
Sjå oversiktskart med oppmerka parkeringsplassar !



Om det er ting under årets handballfestival som ikkje fungerer, mål som må flyttast eller anna som treng å ordnast, står Nicholas Spratt og Joakim Hagenes klare til innsats.

Dei to eldsjelene har lenge førebudd årets storhending og til helga er det altså klart for den 29. handballfestivalen på Stord. For å få ein så stor festival til å gå rundt, må det mange dugnadstimar og velvilje til frå mange frivillige.

Handballvisa møter dei to arbeidskarane på Karjolen kafe på Heiane, nokre få kilometer frå handballbanane på Vikahaugane. Om få dagar brakar det laus.

– Har de kontroll før storinnrykket i helga?

– Ja, no byrjar ting å falla på plass. Førebuinga har vore lang, men i år, som alle år, har me kontroll når festivalen er i gang.

– Planlegginga byrjar alt i august/september, har me høyr?

– Ja, me plar møtast tidleg for å koma i gang. Først går me igjennom korleis handballfestivalen var sist, kva som var bra og kva som må bli betre. Så legg me planane ut frå det, seier Joakim Hagenes.

Lang fartstid

I lag med Nicholas Spratt har han deltatt som frivillig i fleire år.

– Eg har tre born som spelar handball; to gutar på 8 og 14 år og ei jente på 12, seier han. Eg kryssar av på kalenderen for dugnad under handballfestivalen kvart år. Eg ser korleis miljøet er på Stord og i idretten på øya. Trenarar og oppmenn som stiller opp for borna heile året. Sjølv har eg ikkje trenar-kompetanse nok til å ta ansvar for eit handballag, så eg føler at å delta på dugnad er det minste eg kan gje tilbake til borna og til klubben.

Spratt nikkar einig

– Sjølv har eg ingen born, men har spela for Stord Handball i mange år. I dei tider var det slik som no, obligatorisk dugnad for mange av laga. Dugnadsjobben har gitt meg så mykje at eg kjem tilbake kvart år sjølv om det er mange år sidan eg slutta å spela handball sjølv.

Altmogelegmenn

– Kva type arbeidsoppgåver er det de gjer?

– Me gjer det som trengst. Om det er rigging av scene, flytting av handballmål, snikring av bord eller rett og slett

KLAR FOR NOK EIN HANDBALLFESTIVAL

HANDYEMEN PÅ

JOAKIM AGAMBI HAGENES

Født: 24.08.81

Bustad: Haga, Stord

Sivilstatus: Gift

Favorittmusikk: P1

Sist leste bok: Treningslæreboka

Ferieparadis: Kemer

Dette irriterer meg: Giddalause personar

Idrettshelt: Petter Northug Jr

berre rydding, tek me på oss oppgåva.

– I tillegg har Kjartan Grov og Bjarte Epland eit overordna ansvar for festivalområdet. Dei gir oss ein lyd om det er ting som trengst å ordnast der og då.

Totalt på festivalen vert det utført over 1.000 dugnadstimar. Stord Handball senior har som vanleg obligatorisk dugnadstid på festivalen. I tillegg må alle foreldre med born i Stord handball utføra 10 dugnadstimar i løpet av helga, så det er mykje hjelp å få.

– I skrivande stund manglar me framleis om lag 100 timar, men når det er snakk om handballfestivalen plar folk koma og tilby seg når det trengst. Me kjem alltid i mål.

– Så det er velvilje å få når de spør etter hjelp?

– Ja. Omtrent alltid, seier Nicholas Spratt.

– Eg trur folk skjønner kva festivalen har å seia for borna og stordsamfunnet, så det er sjeldan me får nei når me spør etter hjelp.



– Treng hjelparane å vera nevenyttige for å kunne bidra?

– Både og. Skal ein gjera dei arbeidsoppgåvene me gjer, må ein til ein viss grad kunne handtera verktøy. Men det er jo og mange andre oppgåver, som å stå vakt, stå i kiosk og anna, så det finst jobb for alle som

har lyst til å vera med, fortel Spratt.

Glede

– For oss er det viktigast at del-takarane og borna har det bra og føler seg trygge under festivalen. Eg håpar arbeidet me gjer bidreg til det.

– Kva tenkjer de at handballfestivalen har å seia for både

born og foreldre som deltek?

– Som far til tre born som spelar handball, vil eg seia at handballfestivalen gir borna høve til å delta på i alle fall éin stor cup i løpet av året. Ein skal hugsa på at ikkje alle foreldre har økonomisk høve til å la borna delta på cupar og treningsleirar der ein må reisa

**MÅLA ER
SKRUDDE
SAMAN OG
ER KLARE TIL
Å FØLA
NETTSUS**

Å DUGNAD



NICHOLAS SPRATT

Født: 24.04.84

Bustad: Leirvik, Stord

Sivilstatus: Single

Favorittmusikk: Alt som går på radio

Sist leste bok: Jack Reacher – Lee Child

Ferieparadis: Lervik hamn

Dette irriterer meg: Late folk

Idrettshelt: Alan Shearer og Alexander Grubbe Skjelsvik

vekk. Handballfestivalen gir alle born i lokal-miljøet høve til å delta på ein slik folkefest som deltakar, seier Hagenes.

– Og så er det jo ikkje berre handballen borna gler seg til, heller. Toget, diskotek og forskjellige aktivitetar er ein like viktig del av arrangementet som det å jaga mål og poeng på banen, meiner Spratt.

Vêret ei utfordring

– Kva vil de seia er den største utfordringa for dykkar del?

– Størst problem får me når vêret ikkje spelar på lag. Når det regnar. Då kan det vera me må stengja fleire av utandørsbanane. I slike tilfelle må heile kamplista oppdaterast. I alle dei åra eg har jobba dugnad på festivalen, kan eg likevel ikkje seia at eg har møtt ei utfordring som ikkje har late seg løysa, fortel Hagenes.

Held fram utviklinga

Dei siste åra har handballfestivalen fått fleire og fleire deltakarar.

– Kva meiner de må til for at endå fleire lag skal ta turen til Stord i pinsehelga? Og har festivalen kapasitet til å ta i mot fleire?

– Det viktigaste er at me utviklar oss heile tida. Lagar nye aktivitetar som deltakarane synest er kjekke og held på dei gamle som fungerer. Det viktigaste er at dei som har deltatt sit att med ei kjensle av at «her var det mykje å gjera og kjekt å vera». Då vil dei koma

tilbake fleire gonger.

– Når det kjem til kapasitet, har me jo i år ungdomsskulen til overnatting. Den hadde me ikkje i fjor. I all høve så ønskjer me å samla så mange som mogeleg av dei tilreisande på Vikahaugane. Her skal det vera sosialt og her er det deltakarane skal møta kvarandre, seier Spratt.

– Slik det er i dag, er det nok matsserveringa, og spesielt frukosten, som er flaskekorken for kapasitet på arrangementet. Får ein større matsal, er det ikkje noko problem å få inn endå fleire deltakarar, seier karane.

Respekt

– Er det noko de vil seia til både deltakarar og foreldre som kjem til å vera på Vikahaugane i løpet av pinsehelga?

– Vis idretts glede å ha respekt for kvarandre og for miljøet, seier karane.

– For oss er det kjekkaste å sjå alle smila me får som takk for innsatsen. Det er det som betyr noko. Deltakarane må på si side hugsa at mange gjer ein frivillig innsats for at festivalen skal bli kjekk, anten det er oss som held orden på området, eller om ein er her som parkeringsvakt, dommar eller anna.

Vis respekt og ver eit godt førebilete, så får me ein festival som me alltid gjer: Med trivsel, latter og idretts glede.

TEKST OG FOTO: VEGARD AGDESTEIN

Tilbakeblikk...

FOTO: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN





VI ER STOLTE AV Å
FÅ BIDRA TIL UTVIKLING
AV FREMTIDEN

FRONTA

www.frontagruppen.no

i BOX www.ibox.no



Det er vi som kjenner Sunnhordland


Vi er det største meglerforetaket i Sunnhordland og har holdt på siden 1998. Med vår unike lokalkunnskap og lange erfaring kan vi love deg et effektivt, trygt og forutsigbart boligsalg.

Tenker du på å selge? Ta kontakt for verdivurdering.




Eiendomsmeidler
Vest


Kom innom
vårt kontor
i Leirvik
sentrum



Kom innom
våre kontorer



Ring oss
915 05560



Kontakt oss på
emvest.no

OVERNATTING I NYE LOKALAR

– No er me nesten klare for å ta imot 3300 overnattingsgjester under årets Handballfestival, seier Terje Aas, og viser stolt fram den nye Stord ungdomsskule.

Dei 3300 gjestene er spreidde rundt om på ni ulike einingar i kommunen. Alt frå Rommeveit til Litlabø/Nysæter skule.

–Det er ekstra kjekt å få ta i bruk den nye Stord ungdomsskule. Me er glade for at Stord kommune og rektorane på dei ulike skulane opnar dørene for oss.

Då blir det viktig å kunne levere klasseromma tilbake i same stand som me overtok dei på.

Difor oppmodar me dei som ligg på SUS å ta av seg skoa slik som elevane må gjere.

– Skjer det mykje hærverk og skader under HF?

– Nei, det har gått utruleg bra. Ei knust pære eller litt knask kan det bli. Men me ordnar opp etter oss og har heile tida ein god dialog med rektorane. Dette må til om me skal få låne skulane.

Gjestene er og stort sett flinke å rydde etter seg.

Vil ligge på festivalområdet

Det store spørsmålet blant dei som skal overnatte er å få ligge på Leirvik eller SUS og inn på sjølve festivalområdet. Her klarer vi ikkje å tilfredsstille alle.

– Me må dessverre spreie laga rundt om på ulike skulane om me skal få overnattingskabalene til å gå opp, seier Teddyen, som har god nytte av smil og topp diplomati.

Tett og svett

Med opp til 20 spelarar på same klasserom kan det bli både sveitt og tett. Men det går stort sett bra.

Me må av og til gå inn å redusere bruken av store og doble madrassar som tar for mykje plass.

Her handlar det om å ta omsyn til kvarandre.

Alle skal føle seg trygge

HMS og tryggleik er viktig for oss når vi har ansvar for 3300 gjester.

– Alle skal føle seg trygge. Me har tett kontakt både med politi og brannvesen. Skulane har og 24-timars vaktordning. Så alt er i dei beste hender.



TERJE AAS (TEDDYEN)

Født: 26.april 1961
Sambuar med Anita Eriksen

Barn: Anna, Inge og Nora
Bestefar til Jon

Yrke: Ingeniør

Med ansvar for i HF: Overnatting

Mi siste leste bok: Dan Brown-
Opprinnelsen

Ferieparadis: På hytta på Vågsli

Det irriterer meg: Urettferd

Idrettshelt: Ole Einar Bjørndalen

Terje Aas og Handballfestivalen viser stolt fram den nye storstova som skal ta i mot 300 gjester

Kamp

Den største «trøkken» for oss kjem på fredagen. Då er det kamp for å kome inn på klasserom. Nokre er så tidlege på plass at skulane ikkje har teke helg. Så då må me roe dei litt ned.

Men det er stort sett blide fjes og folk som ser lyst på det. Her har eg ei historie som understrekar det.

– Ei dame var så uheldig å rygge og skrape opp ein bil. Han som eigde bilen kom med denne oppmuntringa til den fortvila kvinna som hadde rygga i.

– Det gjer ringeting. Været her nede på Stord er jo så fint,

kom det hyggjeleg frå ein blid bergensar. Så det meste går bra med eit smil.

Kjekt å hjelpe andre

Teddyen tar ofte livet med ro. Difor er han rett mann på rett plass når det koker med rop etter klare klasserom.

– Det er berre kjekt å hjelpe til. Så lenge eg slepp å gjere noko heime, kjem det kjapt frå Teddyen.

Men roen finn han best på hytta på Vågsli.

– Men finnst ikkje glad i å gå på ski. Best føre peisen.

Mange turar til Kristianstad

Det har og blitt mange turar

til Sverige for å heie på Inge i Kristianstad.

– Det har blitt litt lite spiletid men han har ikkje gjort det så verst når han har fått sjansen.

– Har du teke det opp med sjefen Ola Lindgren?

– He-he, eg har prata med han nokre gonger. Men han er ein bevisst person som styrer Kristianstad meir som ein direktør enn trenar. Men det er heldigvis ikkje eg som skal ta ut laget.

No er eg glad for at Inge skal til Fyllingen. Her får me håpe på meir spiletid. Skal han kjempe seg inn på det norske herrelandslaget må han ha

meir tid på banen enn i Sverige.

Stolt bestefar

Når det ikkje blir turar til Bergen og Vågsli blir det rolla som stolt bestefar for vesle Jon på litt over eitt år.

– Det er berre fantastisk. Eg kan jo berre levere han frå meg når eg blir lei. Det tar jo på å være bestefar, men det er både stort og kjekt.

No håpar Teddyen på ei kjekk pinse med Handballfestival og mange blide overnattingsgjester.

TEKST OG FOTO:
RUNAR ØVREBØ

ME TEK
VARE PÅ
**DIN
PLEN**

Grov Grasklypp
VAKTMEISTERTENESTER PÅ STORD OG OMEGN
TLF. 934 49 864

LEGG UT BILETE
PÅ INSTAGRAM!



FOTO: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN

 #solblikk **Sunnhordland**



MESTERHUS
– det blir som avtalt




Har du en husdraum – kontakt oss og me vil gjera det me kan for at du skal få draumen din oppfylt. Anten det gjeld eit kataloghus eller kundetilpassa – mottoet er; det blir som avtalt!

Engevik & Tislevoll a.s 

Byggmester og Entreprenørfirma
Hegranesvegen 3, 5419 Fitjar. Tlf. 53 45 73 00. E-post: post@engevik-tislevoll.no

FRODE KYVÅG

Født: 8. september 1945

Ektefelle: Monica Kyvåg

Barn: Rikke og Selma

Har drevet med: Norway cup general, landslag og klubbtrener og politiker.

Utmerkelser: Kongens fortjeneste-medalje i gull og Årets Osloborger og mange flere.

1974-1978: Trener for kvinnelandslaget

1983-1988: Bækkelaget (kvinner og menn), Fjellhammer og Gjerpen

1991-2000: Bækkelaget

1977-2016: Leder for Norway Cup




FOTO: MATTIS SANDBLAD

KLAR TALE FRA FRODE KYVÅG

Frode Kyvåg får æren av å åpne Handballfestivalen lørdag. Den spreke 72-åringen har stått i spissen for Norway Cup, verdens største fotballturnering i 39 år. Kyvåg har trent de største håndballstjernene på kvinnelandslaget og gullperioden med Anja Andersen i Bækkelaget.

Kyvåg er stadig på farten. I dag sier han klart i fra som politiker i bystyre i Oslo. Her har han klare meninger om kultur, idrett og frivillighet.

Da vi utfordret Frode på følgende tema var han ikke vanskelig å be:

Hvordan ta vare på håndballtalentene, utvikling av turneringer slik som Håndballfestivalen, politikk og framtida for det norske dame og herrelandslaget?

Talent utvikles over tid

Talentene må utvikles over tid. Talentet ligger etter min oppfatning først og fremst i treningsarbeidet. Det betyr at det kun er gjennom mye trening ferdighetene kommer til syne, dyrkes og videreutvikles. For å få lyst til å trene mye må det skapes et miljø i de første

årene som tuftes på felleskap, lagånd, ha det gøy, jobbe mye med individuelle tekniske basisferdigheter. Sette mye inn på dei sosiale ferdighetene.

I den perioden, de første årene, handler det om å ha det gøy. Når den er etablert, da har man kanskje blitt 14-15 år, kommer ting gradvis i et mer ordnet forhold. Da er det lettere å få lyst til å trene mer, kjenne på mestringsfølelsen og bli mer opptatt av teknikk, gode og leksbetonte treningsmiljøer, mestringsarenaer, utvikle trivsel og trykksfaktorer. Da har man lagt grunnlaget for talentutvikling i et lengre perspektiv.

Arrangement må tenke langsiktig og særpreg

De som lykkes best i utvikling av et arrangement, en turne-

ring, er de som tenker langsiktig og gir arrangementet et særpreg. Det og stadig bli større, vokse i størrelse er sjelden en ensidig suksessfaktor. Man må finne sine naturlige mål når det gjelder størrelse, basert på økonomiske, praktiske, arrangementstekniske forutsetninger. Særpreg er spes viktig for de som ikke ønsker seg en hvermannen turnering. Da er det morsommere, lettere å videreutvikle produktet innenfor avtalte rammer og sette seg perspektivmål.

Politiker på heltid er krevende

Politiker på heltid er spennende, utfordrende, kjempekrevende og en hverdag jeg ikke helt hadde forestilt meg. Et av mine første mål var å redusere politikerforakten, som kort sagt handler om å innfri løfter og stå ved det som ble lovet i valgkampen.

Det som da naturlig nok engasjerer meg mest i min hverdag er å jobbe steinhardt for å redusere forskjellen i vår by, sørge for at flest mulig får de samme mulighetene, at vi bygger og rehabiliterer idrettsanlegg i et helt annet tempo enn våre forgjengere. Som har vært katastrofalt i 18 år, at vi

gir frivilligheten bedre muligheter for å utøve sin fantastiske samfunnsfunksjon, full barnehagedekning og sist men ikke minst bilfritt byliv.

Norsk håndball har aldri stått sterkere

Norsk håndball har aldri stått sterkere internasjonalt enn vi gjør nå. Damene har jo vært blant de beste nasjonene i verden siden 1986, og gitt oss ufattelig mange store opplevelser. At herrerne nå gjennom prestasjonene i EM i Polen og VM i Frankrike også har tatt steget opp blant de beste, er smått utrolig. Det er vel bare Frankrike og Danmark som kan måle seg med oss når vi ser nivået på damene og herrerne under ett. Det er mange forklaringer på hvordan dette har utviklet seg, men en vesentlig grunn er nok at de fleste landslagspillerne spil-

ler i utenlands i noen av verdens beste ligaer. En annen er NHF's vilje, evne til å satse på aldersbestemte landslag. Da er vel alt bare velstand? Nei, ikke bare, vi må tenke langsiktig og det betyr at vi må tenke på vår hjemlige serier og lag. Det er i dag og har vært i flere år alt for ujevnt og grunn til bekymring. Vi har mye å takke Larvik og Elverum for, men bak er det mildt sagt ujamnt. Vi må stå hardt på for å redusere frafallet blant våre yngste (14-17) som vi helst ikke vil snakke om, men som er alvorlig! Anlegg og at vi konkurrerer på en helt annen arena med helt andre aktører enn tidligere, er nøkkelford i den sammenheng, avslutter som alltid en engasjert Frode Kyvåg

TEKST: ANDREAS GJEITREM
/FRODE KYVÅG

**DE SOM LYKKEST BEST I UTVIKLING AV
ET ARRANGEMENT, EN TURNERING,
ER DE SOM TENKER LANGSIKTIG OG GIR
ARRANGEMENTET ET SÆRPREG**

STILLER MED 40 NYE MÅL



Aleksander Grubbe Skjelsvik og Frode Bekkenes viser stolt fram dei nye måla.

Etter 29 år med Handballfestival var dei gamle måla klare for utskifting. Difor er Øyvind Epland og «banegjengen» glade for å stille med 40 nye mål.

– Me sende ein søknad til Sparebank 1 stiftinga. Her fekk me positivt svar og kr 150.000. Med ein eigenkapital på 250.000 handla me inn 40 nye mål. Så no er me godt rusta for nye festivalar, seier ein glad Øyvind Epland.

I kjent stil var gjengen samla for å skru saman dei nye mål. Ivrige hender fekk fort rigga 40 nye mål.

Kva skjer med dei gamle måla?

– Me gjekk ut med ein melding: Kom og hent! Dei rauk ut på rekordtid. No er dei spreidd rundt i hagar og på mange leikeplassar. Me er berre glade for at andre kan dra nytte av dei, seier Øyvind Epland som gler seg til ny Handballfestivalen.

No har riggesjefen rolegare dagar. Sønene Bjarte og Gaute har overteke etter faren.

TEKST OG FOTO: RUNAR ØVREBØ



Øyvind Epland og gjengen skru saman 40 nye mål.



BEGGE FOTO: PRIVAT

Handballfestivalen får på ny danske gjester frå Viborg.

Viborg stiller med to lag og ein tropp på totalt 19 spelarar (1 G13 og 1 G14)

Gjennom tett og godt samarbeid med ein av dei største danske turneringane, Generation Cup og Jens Steffensen, har Stord sendt lag til Viborg. På ny er det to danske lag på veg til sommarøya.

Seint på 17. mai bookar dei inn på Vikahaugane. Før sjølve opninga på torget vil danskane få sjå vår vakre øy, både fjord og fjell.

Dei «danske drenge» gler seg

– Det blir ei stor oppleving, seier Jens Steffensen.

Frå Viborg til Stord køyrer dei i seks privatbilar.

Med seg til Stord har dei ein nye invitasjon og gjensitt til å delta på Generation Cup.

TEKST: RUNAR ØVREBØ

DANSKE GJESTER FRÅ VIBORG



Jens Steffensen

BALLMÅL



Ærefullt oppdrag for Ludvik og Othilie

Othilie Moen Hakestad og Ludvik Nesbø Haugland frå Rommeveit skule er klar for å representere utøvarane og framføre den høgtidlege handball-eiden under opninga på Leirvik torg laurdag.

– Er det sant! Eg blei veldig glad då eg fekk vite det, seier ei spent Othilie Moen Hakestad.

– Eg blei berre veldig glad, seier makkeren Ludvik Nesbø Haugland. Dei kjenner kvarandre godt frå før. Ludvik går i parallellklassen min.

Det blir litt øving før laurdag. Det går nok bra, seier Othilie.

Dei spente handballspelarane spelar på G10 og J10 lag hos Stord.

Ludvik har Christian Valenza som trenar, medan Othilie har mor Anita som sjefen.

Så er det berre å gje Ludvik og Othilie ei varm velkomst på laurdag.



FOTO: PRIVAT

HANDBALL-EIDEN

Som representant for spelarane, lovar eg under Handballfestivalen: å spela så godt eg kan
å oppmuntra medspelarane mine
å visa respekt for dommarane
å retta meg etter leiarane
å ta avstand frå alle former for doping
å kjempa med fair play

Eg lovar:
å tola å tapa
å tola og vinna

Digitalt abonnement

199,-
pr måned

Bestill digitalabonnement på www.sunnhordland.no/tilgang eller ring 982 29 141

Alltid med deg.

Sunnhordland

Bu sentralt og godt på Stord

2016
Nyrenovert og ombygd

almaas-hotell.no

Al
Almaas Hotell Stord

Hotellet ligg kun 500m. frå Leirvik kai

MARGRETE LUND SKORPEN
NILS TRYGVE MARKHUS

Bakeriet

ÅGE STOKKEN - GRIM MOBERG
SIGURD SELE (REG)

**SOMMARREVVYEN
SPRING
SEG
VILL**

SUNNHORDLAND
MARATON
666

2460

Lilote TAXI
Du bringer

SPELAST I JUNI - BILLETTAR TLF. 53 40 00 72

Grav Forsikling STORD INNHVERTERING AS **comfort** Stord Anlegg OKJELSENS AS **FRONTA**

KVÆRNER™

Leirvik Elektro
Lokal fagkunnskap

Tlf. 53 400 200

Følg og lik oss på [facebook](#)
post@leirvikelektro.no
www.leirvikelektro.no

**Sunnhordland
Taksering**

Hidlesneset 10,
5437 Finnås
Tlf. 905 24 227

Mail: to-vespe@online.no
sunnhordlandtaksering.no

STOMAS
ELEKTRO

elfag

Nr. 1 i Sunnhordland

100 ÅR
1918 ⚡ 2018

Stomas AS utfører store og små oppdrag innan el-installasjon

- Nybygg
- Service arbeid
- Oppussing/renovering
- Lys og varme:
 - utebelysning
 - innendørsbelysning
- Brannførebyggande EI-kontroll
- Stomas A/S er medlem av Nelfo og er registret hos DSB som godkjent installatør

VÅR ERFARING – DIN FORDEL



GRAVING - SPRENGING - TRANSPORT - JORDSORTERING

Stord Anlegg

www.stordanlegg.no

post@stordanlegg.no
Tlf. 406 15 340, Postboks 1244, 5406 Stord



Grand Hotell
Stord

Postboks 155, Osen 5, 5405 STORD Tlf: 53 40 96 00
e-mail: booking@grand-hotell.com www.grand-hotell.com



STORD VVS Rørleggermester

Djupamyro 3 A, Heiane, 5412 Stord
Telefon: 53 40 09 23
Mobil: 916 55 605 (Døgnvakt)

Rørleggeren på Stord
E-post: post@stordvvs.no
www.vvseksperthen.no

VVS EKSPERTEN



SUNNHORDLAND
ANTIRUST

Tlf. 904 10 931

Besøk vår heimeside: www.sunnhordlandantirust.no

Følg oss på Facebook



SAGVÅG ELEKTRO


Sagvågsbrekko 2, 5410 Sagvåg – Tlf. 53 45 60 90 / 982 55 200



RAGN SELLS
En del av kretsløpet

STOLT SAMARBEIDSPARTNER
TIL BARNEIDRETTEEN I SUNNHORDLAND.

PS! AVFALLET FRA CUPEN BEHANDLES MED KJÆRLIGHET!



Og det blir sol, sol, sol...

Fredag	Laurdag	Søndag	Måndag
16°	16°	17°	16°



RAGN SELLS
22800800

ELDØYANE 132
5411 STORD



Ein stor takk til våre samarbeidspartnarar!

STØDIGE SAMARBEIDSPARTNARAR

KVÆRNERTM



WÄRTSILÄ

 SparebankenVest



 **hummel**

Sunnhordland
MEDIEHUSET

SKL 



ANDRE SAMARBEIDSPARTNARAR:

AV-OG-TIL	Sport1
Bakeriet Frugård	Statens Vegvesen
Barkebåt	Stord Eventband
DekkPartner Stord	Stord Fotball
Grov Grasklypp	Stord Hotell
Haugland Transport	Stord IL Turngruppa
Hennig Olsen	Stord Kommune
iDrift	Stord Lensmannskontor
IL Solid	Stord Skeiser
IL Trott	Stord Symjeklubb
Judoklubben Stord/Fitjar	Stord Tennisklubb
Kjeldsberg Kaffi	Stord Ungdomsskule
Landmark Maskin	Stord Vidaregåande skule
Lerøy	Stord Volleyball
Leirvik AS	Sunnhordland Bil
Leirvik Varetaxi	Sunnhordland Trafikkopplæring AS
Linn Isabell Eielsen	Svein Inge Hoffgård
Norengros	Sæ barnehage
Ragn-Sells	Tine
Rema 1000 Vabakkjen	Utbygdo Grendahus
Sagvåg maritime FUS barnehage	Valvatne FUS barnehage
Sagvåg Musikklag	Vest Catering
Sjøhuset Stord	Vest Lydservice
Sparebanken1 Stiftinga	Vilvettene Friluftsbarnhage
Spinae Company	

Handballfestivalen ønskjer også å retta ei STOR TAKK til alle deltakarar, dommarar, foreldre og frivillige som er med på å lage dette til vårens vakraste eventyr!